

Fra: Oddvar Sundsbø <osundsbo@online.no>
Sendt: mandag 2. januar 2023 13:56
Til: Postmottak Alver
Kopi: baartvedt@gmail.com; Obh@psw.no; 'Anders Kvamme'
Emne: Saksnr: 22/8221-22/96153

Alver kommune, Miljø og tilsyn

Viser til kommunen sitt brev av 19.12.2022 og ynskjer å kommentere dette
Kommunen sitt pålegg til den som er ansvarleg for utett avlaupsleidning frå septiktankar til 3 bustader er at dei får lov til dagleg å forureina nærmiljøet med kloakkutslepp i inntil 120 dagar framover. Den ansvarlege blei varsla om forureining (utett leidning) i slutten av august og det vil då gå 240 dagar frå problemet blei konstatert til den er reparert. Dette er for dårleg og det triste er at kommunen aksepterer ei slik løysing.

Det er vanskeleg å tolka kommunen sitt pålegg på anna måte enn at ein her legg seg heilt flat for den som forureinar. Om ein manglar verktøy for å stoppa forureininga eller om kommunen ikkje synest at miljøforureining i eit nærmiljø er noko å bry seg med er vanskeleg å seia. For oss som er påverka av dagleg forureining er kommunen si haldning til forureining og tilbakemelding til forureinar heilt uforståeleg. Dersom viljen til å rydda opp var til stades, så kunne oppgraving av ca. 25m grøft blitt gjort lenge før utgangen av april 2023.

I kommunen si tilbakemelding til forureinar i brev av 19.12.2022 er ingen av momenta i forureinar si framstilling i brev av 06.12.2022 imøtegått eller tatt til følge

1. Påstand: «..lite område helt i nord-østre hjørne av tomten»

Vannprøve blei henta frå dette hjørnet, men forureininga går gjennom skråninga og utover plenen nedanfor. På synfaring frå kommunen blei det også konstatert at dette område av plenen var forureina. Vi legg med bilde som viser at i periodar utan nedbør er det så store mengder av forureina vatn at snøen smeltar i dette område. Dette område er nær opp til parkeringsplass og veg opp til huset og er godt synleg. For orden skuld kan det opplyst at vår avlaupsleidning frå septiktank også går på oppsida av denne skråninga. Vi hadde inspeksjon av røyrleggar den 25.10.2022 og fekk konstatert at vårt avlaupsrør er utan synlege skadar frå septiktank til felles avlaupsleidning.

2. Påstand: «..det vil alltid være tilsig av overflatevann med spor frå LFN området»
Tilsig frå LFN-området og inn på denne delen av vår eigedom (139/10) med overliggjande terreng og ei elv mellom 138/4 (gardsbruk) og vår eigedom er heilt usannsynleg.

3. Midlertidig retting –«grave en meter lenger opp»

Det er ein høgst usannsynleg at ein finn feil på eit røyr på ca 25 meter ved å grave opp i ein lengde på 120 cm. Det er tydeleg at verken forureinar eller kommunen har fokus på midlertidig retting. Kommunen har heller ikkje sett noko frist for å gjennomføra ei slik oppgraving.

4. Bruker av avlaupsledning

I brev frå Bjørn-Vidar Bårtvedt går det fram at også gbnr 138/4 er knytt til den avlaupsledningen som ligg bak vår tomt. Sjølv om det er eigar av tomta der ledningen ligg som er ansvarleg for at denne er i tilfredsstillande stand, så bør likevel dei som forureinar også vere informert om problemet. Gbnr 138/4 skulle difor fått info på same måten som gbnr 139/34.

Kopi av denne e-posten går til

Gbnr 139/19

Gbnr 139/34

Gbnr 138/4

Med helsing

Oddvar Sundsbø

Adresse Kyrkjevegen 45, 5911 Alversund

Mobil +47 901 57 747

Epost osundsbo@online.no